

Me snakkest i kantina!

Tilpassa munnleg oppl ring i norsk for deltakarar med lite eller ingen skulebakgrunn

Metodisk rettleiar for l rarar i norskoppl ringa



B mlo vaksenoppl ring 2023

INNHALD

Forord	3
Generelt om prosjektet «Me snakkast i kantina».....	4
Deltakarane i prosjektet	4
Språklæring i praksisrommet.....	6
Prosjektet - godt forankra i vaksenpedagogikken og læreplanen	7
Døme på korleis ein kan drive norskundervisning i kantina	10
Skildring av ein vanleg dag i kantina	10
Å lære gjennom autentisk språkbruk i kantina	11
Å lære lyttestrategiar for å forstå dialekt	12
Munnleg samhandling i kantina	15
Lærarstyrte pedagogiske aktivitetar i kantina	16
Å bruke oppskrifter som utgangspunkt for læring.....	17
Å lære uttrykk for tal, tid, mengder og prisar	19
Å jobbe med ord grammatikk.....	20
Å lære nye ord og uttale.....	21
Ressursar og referansar	22

Forord

Denne metodiske rettleiaren har utgangspunkt i eit prosjektet som heiter «Me snakkast i kantina». Målet med prosjektet er å bruke kantinedrift som ein arena for å auke munnlege ferdigheiter i norsk, og målgruppa er vaksne innvandrar med lite eller ingen skulebakgrunn frå heimlandet. Prosjektet blei gjennomført i perioden februar 2022 til januar 2024 og er finansiert av midlar frå IMDI. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten i kommunane sitt kvalifiserings- og integreringsarbeid, og bidra til at fleire innvandrarakjemen i arbeid eller utdanning, samt bidra til kunnskaps- og metodeutvikling med overføringsverdi til andre kommunar og læringsssenter. Den metodiske rettleiaren gjev døme på praktisk gjennomføring, og den inneheld òg korte filmsnuttar som konkretiserer dette. I arbeidet med å utvikle prosjektet har ein fått rettleiing frå Høgskulen på Vestlandet (HVL). Kristi Staveland Sæter har skrivet rettleiaren, men utviklinga og gjennomføringa av prosjektet har vore eit godt samarbeid mellom fleire lærarar og tilsette ved Bømlo vaksenopplæring.

Den første delen fortel om prosjektet generelt, målgruppa og korleis språkundervisninga i kantina er forankra i vaksenpedagogikken og læreplanen. Den andre delen gjev mange konkrete døme på korleis munnleg språkopplæring skjer i kantina. Undervisningsopplegga er utarbeida for målgruppa i prosjektet, altså deltakarar i norskopplæring med lite og ingen skulebakgrunn. Likevel kan mykje av denne metodikken passe for andre deltakarar som er ute i praksis. Hovudføremålet med prosjektet er å auke deltakarane sin kompetanse i norsk munnleg. I rettleiaren viser me korleis me har jobba systematisk med kompetansemål og kjerneelement frå læreplanen i norsk for vaksne innvandrarakjemen. Me vonar at undervisningsopplegga kan vere til inspirasjon for korleis ein kan få meir praksisretta norsk inn i klasserommet og/eller meir norskopplæring i praksisrommet.

Me ser god måloppnåing fordi læreplanen og vaksenpedagogikken har gjennomsyra prosjektet på ein systematisk måte, og me ser at deltakarane har blitt motiverte av å jobbe på denne måten. Deltakarane har raskare oppnådd den kommunikative kompetansen som dei treng for å kome over terskelen for å våge å snakke norsk. Mange av deltakarane har fått jobb eller anna relevant praksis og er såleis fleire hakk nærare å nå målet om B1 i munnleg norsk.

Måten ein har jobba på i dette prosjektet har stor overføringsverdi til andre læringsssenter.



Generelt om prosjektet «Me snakkast i kantina»

I prosjektperioden har ein klasse ved Bømlo vaksenopplæring og lærarane deira hatt ansvar for den daglege drifta av kantina ved Bømlo vidaregåande skule nokre dagar i veka. Bømlo vidaregåande er ein skule med ca 300 elevar og har fokus på bærekraftig drift. Kantina har økologiske matvarer og resirkulerer avfallet. Deltakarane som driv kantina har fått flytta store delar av undervisninga frå klasserommet til kantina. Erfaringar frå kantina blir òg trekt inn i språkopplæringa som skjer på skulen dei andre dagane. Arbeidsretting av norskopplæringa blir viktigare og viktigare i nasjonale føringar. Mange eksterne praksisplassar krev eit visst nivå i munnleg norsk, men denne type intern praksis i kantina gjev moglegheit for arbeidspraksis allereie frå første dag i opplæringa.

Hovudmålet med prosjektet er altså munnleg opplæring i norsk, men det gjev òg deltakarane verdfull arbeidslivskunnskap. Prosjektet gjer at deltakarane får viktig arbeidstrening under kontinuerleg rettleiing frå lærarane sine, og dette kan bidra til å korte ned tida i NAV-systemet. Fleire av deltakarane i prosjektet er ferdige med introduksjonsprogrammet sitt og har deltatt i prosjektet gjennom ulike NAV-tiltak, til dømes jobbsjansen og arbeidsavklaring (AAP). Det er viktig å betre ferdigheitene i norsk for å kunne gå ut i ordinært arbeid, og difor er kombinasjonen arbeidstrening og norskopplæring i kantina gull verdt. NAV har òg tidvis hatt ein person med norsk som morsmål som har vore i kantina som del av si arbeidsutprøving. Samarbeidet har vore særskilt verdfullt i og med at det har opna for enda meir autentisk bruk av norsk i arbeidssituasjonen i kantina.

Det har vore inspirerende å sjå at metodikken der ein har kombinert arbeidstrening og norskopplæring i reelle situasjonar har fungert så bra. Deltakarane har utvikla språket sitt i løpet av prosjektperioden og blitt tryggare på å snakke norsk. Metodikken går kort fortalt ut på å knyte kompetansemåla i læreplanen tettare saman med arbeidspraksis på ein systematisk måte. Me har lært mykje gjennom prosjektet, og me ynskjer å jobbe vidare på denne måten ved Bømlo vaksenopplæring fordi me ser at det gjer deltakarane rusta til arbeidslivet på ein meir målretta og effektiv måte.

Deltakarane i prosjektet

Målgruppa for prosjektet er kvinner og menn som er deltakarar i norskopplæringa og som har lite skulegang og formell kompetanse frå heimlandet. Deltakarane i prosjektet har svært ulike individuelle føresetnadar, både når det gjeld norskkunnskapar, tidlegare skulegang og kva formell og uformell kompetanse dei har med seg frå heimlandet og andre stader. Likevel har alle deltakarane det til felles at

dei er vaksne menneske som har med seg kompetanse og erfaring frå å lage mat til mange personar, enten gjennom tidlegare arbeidserfaring eller ved at dei har laga mat til store hushald i heimlandet.

Det er svært viktig å vere medvitne om kva for føresetnadar deltakarane har når dei startar i norskopplæringa og tilpasse opplæringa deretter.

Nokre av deltakarane i prosjektet har aldri gått på skule, medan andre har gått nokre få år på skule i heimlandet. Somme har aldri lært å skrive på noko språk før, medan andre kunne lese og



skrive på eit anna språk frå før. Britt Rødal Vikhagen har fleire lærerike podcast-episodar i «Språknøkler-podden» om mellom anna deltakarar med lite skulebakgrunn og vaksnes læring. Mykje av det som står om målgruppa i prosjektet generelt er basert på det som ho seier [i denne podcasten](#).

Mange deltakarar i målgruppa har ikkje noko erfaring med «det skulske», og det å starte i vaksenopplæringa kan opplevast som eit sjokk fordi det blir som om tidlegare erfaringar blir nullstilt. Dette kan føre til stress og kjensle av å miste ansikt. Dette er vaksne menneske som har med seg eit langt levd liv og mange erfaringar, og difor har ein behov for å få vist at ein kan noko. I tillegg har mange fluktbakgrunn og kan ha traumer i bagasjen. Denne deltakargruppa har eit særskilt behov for tryggleik i opplæringssituasjonen, det er viktig å bli sett, anerkjent, respektert og få vere seg sjølv i klasserommet. Dette er viktig for at læring skal kunne skje. Faste rutinar og forutsigbarheit kan skape trygge rammer for læring.

Me ser at kantina difor er ein veldig god opplæringsarena for denne deltakargruppa. Arbeidsdagen har faste rutinar, og deltakarane får brukt sin kompetanse i å lage mat. Dette skaper tryggleik og ei kjensle av meistring. Det kan dempe stress og nervøsitet og gjere at ein vert meir mottakeleg for språklæring. I kantina kan ein heile dagen sjå resultat av det som ein gjer. Variasjon i opplæringa er viktig, og i kantina får ein vere aktiv heile dagen og bidra med kunnskap som ein har med seg. Lærarane kjem veldig tett på deltakarane gjennom arbeidsdagen, og dette gjer at deltakarane blir sett kvar dag.

Somme deltakarar i kantineprosjektet har allereie oppnådd A2 munnleg på norskprøven, medan andre deltakarar kjem inn i prosjektet heilt i starten av

opplæringa og vil vere på eit pre-A1 nivå den første tida. Alle har sine individuelle føresetnadar, og ein må møte deltakarane der dei er og tilpasse undervisninga deretter.



Språklæring i praksisrommet

I nasjonale retningslinjer blir det stadig meir fokus på at det skal vere ein vekselverknad mellom språklæring i praksisrommet og i undervisningsrommet. I dette prosjektet skjer mykje av undervisninga på praksisplassen. Difor har ein den unike moglegheita til å kunne lære gjennom praktisk arbeid og i språkleg samhandling med andre deltakarar og lærarar. Deltakarane får knaggar å feste kunnskapen på gjennom det praktiske arbeidet. Rutinearbeid gjer at ein får mykje repetisjon, deltakarane går frå ukjente oppgåver til det som etter kvart blir til kjente og trygge arbeidsoppgåver. Arbeidet på kjøkkenet er variert og legg såleis til rette for å bruke fleire læringsstilar i språkopplæringa. Vaksne er ofte redde for å gjere feil når dei skal lære eit nytt språk og samarbeid om praktiske oppgåver kan vere positivt for å bygge eit godt og trygt klassemiljø. Det kan vere mindre skummelt å ta ordet på ein arena der ein føler seg på heimebane enn å ta ordet i eit klasserom.

Å sikre ei felles forståing av læringsmål kan vere utfordrande når så mykje av undervisninga blir flytta ut av klasserommet og inn i praksisrommet. Det er viktig å heile tida snakke om læringsmåla og evaluere og vurdere språklæringsaspektet saman med deltakarane slik at dei heile tida er klar over kva dei skal lære, korleis dei skal lære det og kvifor det er nettopp dei arbeidsoppgåvene og arbeidsmetodane som er valt. I midtvegsevalueringa spurte me deltakarane kva dei hadde lært av å delta på prosjektet, og då var det mange som trekte fram den praktiske kunnskapen. Ein deltakar sa at han hadde lært mykje om datomerking av varer ved å sortere på matvarelageret, men han hadde ikkje reflektert over alle orda som han hadde lært på norsk som ein del av denne arbeidsoppgåva. Her blir læraren og morsmålsassistenten si rolle svært sentral for å sikre at språklæringa kjem i fokus.

Å auke deltakarane si innsikt i eiga språklæring og vegleie dei til å finne gode måtar å jobbe med språket på vil såleis auka det metaspråklege medvitet og gjere dei til meir sjølvstendige språkinnlærarar. Det å lære å lære og finne gode språklæringsstrategiar er ein viktig del av opplæringa og vil føre til at deltakarane vil kunne bli meir aktive i språklæringsprosessen. Me har erfart at dette er noko ein alltid kan bli betre på. Det er nødvendig å bruke morsmålsstøtte for å kunne ha gode dialogar med elevane om eiga språklæring heilt frå starten av opplæringa.

I læreplanen i norsk for vaksne innvandrarar står det at deltakarane i norskopplæringa skal kunne støtte seg på omgjevnadane, digital teknologi og menneske som dei har rundt seg i språklæringsprosessen. Når språkopplæringa skjer i ei kantine, får deltakarane mykje kontekstuell støtte i språklæringa. Dette er spesielt viktig for dei som er tidleg i språkopplæringsløpet. Deltakarane får støtte frå lærarar, morsmålsassistent og kvarandre, noko som er med på å skape tryggleik og gjere dei mottakeleg for læring. I tillegg brukar deltakarane systematisk digitale verktøy og appar på grupperommet innimellom dei praktiske oppgåvene i kantina.



Ei utfordring er at deltakarane somme gonger støttar seg for mykje på morsmålsassistent eller kvarandre i staden for å løyse kommunikasjonsutfordringar på eiga hand. Dette blir ekstra utfordrande når ein har mange som snakkar same språk. På den andre sida har ein bevisst valt å bruke morsmålsstøtte som ein

ressurs. Det har vore positivt å ha ein person med norsk som morsmål som har hatt arbeidsutprøving i kantina i lag med deltakarane fordi det då blir meir naturleg å snakke norsk.

Prosjektet - godt forankra i vaksenpedagogikken og læreplanen

All undervisning for vaksne skal være forankra i vaksenpedagogiske prinsipp, og dei nye læreplanane i norsk for vaksne innvandrarar har eit tydeleg ressursperspektiv. Vaksne har erfaringar og innsikt som læringa bør ta utgangspunkt i og bygge vidare på. Når deltakarane til dømes lagar arabisk brød i kantina, er dette noko dei kan

veldig godt. Desse brøda blir kjevla ut, steikt på takke og selde i kantina med stoltheit. Deltakarane har sjølve foreslått å lage det, og det har blitt populært blant kundane i kantina. Alt dette gjer at deltakarane får ei kjensle av at tidlegare erfaring betyr noko.

Vaksne må bli vist respekt og oppleve at læringsprosessen byggjer opp under deira sjølvbilde. Mange har negative erfaringar frå tidlegare skulegang og vil ikkje oppleve dette på nytt. Slike negative erfaringar kan påverke motivasjonen for å gå på skule. Dette må ein vise respekt for, og i kantina prøver ein å tilpasse oppgåvene slik at ein ikkje skal få oppgåver som ein ikkje meistrar. Dersom det oppstår ein situasjon som nokon ikkje meistrar, så jobbar dei saman etter likemannsprinsippet. Meistring og godt samarbeid kan vere med på å dempe eventuelle negative erfaringar frå tidlegare skulegang. Norskknivået til deltakarane varierer veldig. Ein morsmålsassistent og deltakarar som kan meir norsk kan vere med å bygge stillas rundt andre deltakarar fram til dei utviklar språkkompetanse til å klare oppgåvene aleine.

Vaksne lærer lettare når teori og praksis blir kombinert i læringsprosessen. Når deltakarar har utført praktiske oppgåver i kantina, går dei på grupperommet for å jobbe med oppgåver relatert til praktiske gjeremål. Alt dette skjer i løpet av ein arbeidsdag, slik at den teoretiske kunnskapen og dei praktiske oppgåvene heng tett saman. Vaksne er ofte meir interesserte i å lære for å finne praktiske løysingar enn å berre lære meir teori. I kantina jobbar ein alltid med å finne praktiske løysingar dersom ikkje alt går bra første gong. I praksis ser ein tydeleg forskjell på 1 liter og 1 desiliter og mellom 500 gram og 50 gram, og mellom smelta og mjukt smør. Igjen viser dette korleis teori og praksis heng tett saman i praksissituasjonen.

Å reflektere over erfaring er ein viktig del av læringsprosessen for vaksne.

Deltakarane må få bruke kompetansen som dei har med seg for å forklare kvifor ein gjer det på den og den måten, og ikkje på den andre måten. Til dømes det å bruke litt salt/sukker dersom ein brukar salt/sukker, og til dømes at ein brukar sitron i dressing. Og når dei må forklare dette på norsk, så får dei øve seg på å snakke norsk på eit ganske avansert nivå.

Motivasjon og meistring er svært viktig i språklæringsprosessen. Alle deltakarane har med seg kompetanse i matlaging frå heimlandet, noko som gjer at dei opplever meistring i opplæringsprosessen. I kantina er det fokus på å bruke denne kompetansen til å løyse praktiske oppgåver, og difor blir opplæringa sett på som meningsfull. Ein annan motivasjonsfaktor er at ein har sett at somme deltakarar har fått seg jobb, deltidsjobb eller anna relevant praksis i løpet av prosjektperioden.

Deltakarane uttrykkjer òg at det er kjekt å jobbe i kantina, og at det som dei lærer der er nyttig. Dette fører til stor grad av indre motivasjon.

Målet er at den språklege kompetansen som dei lærer gjennom å ha språkpraksis i ei kantine kan overførast til andre situasjonar og at det kan føre til raskare progresjon i munnleg norsk.



Kompetanse er forstått som det å kunne tileigne seg og bruke kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber å forstå og ha evne til refleksjon og kritisk tenking. For deltakarane handlar kompetanse i norsk på denne måten om korleis dei klarer å bruke språket til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar, både i og utanfor opplæringa (Kunnskapsdepartementet, 2021).

Undervisninga i kantina blir planlagt ut i frå «Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere», og dei praktiske døma på undervisningsopplegg er knytt opp mot mål i denne læreplanen. Rettleiaren refererer til nivå A1-B1 i ferdigheitene munnleg, lytting, lesing og skrivning slik dei er skildra i det europeiske rammeverket for språk og i læreplanen. Læreplanen inneheld òg grunnopplæring i lesing og skrivning for deltakarar som har lite erfaring med skrift eller ikkje har lært å lese og skrive tidlegare, slik som mange av deltakarane i prosjektet.

Munnlege ferdigheiter er i hovudfokus, men me har samstundes jobba med andre ferdigheiter i læreplanen. Dette er særskilt viktig for at det skal bli kontinuitet i lese- og skriveopplæringa når mykje av undervisninga er flytta til kantina. Digitale verktøy, nærare bestemt iPad med appane «BookCreator og «Skoleskrift», har hatt ein sentral plass i språkopplæringa. I del to vil me vise eit par konkrete døme på det.

Frå 1. august 2024 skal nye modulstrukturerte læreplanar innførast for deltakarar med lite skulebakgrunn. Me ser at læreplanane i «Forberedende opplæring for voksne (FOV)», som er ute på høyring no, er svært relevante for prosjektet og me kan lett sjå for oss korleis kantineprosjektet kan knytast til kompetansemål i grunnmodulen og i ulike fag i FOV i framtida.

Døme på korleis ein kan drive norskundervisning i kantina

Skildring av ein vanleg dag i kantina

I starten av arbeidsdagen har ein ei felles samling på kjøkkenet der deltakarar, lærarar og morsmålsassistent set i ring. Ein snakkar om dag og dato og vêret for å få ein felles start på dagen.

Deretter går ein gjennom dagens oppskrifter, finn ingrediensar og planlegg gjeremål. Det er viktig at alle forstår kva dei skal gjere, og her



spelar morsmålsassistent og likemenn ei viktig rolle, særskilt for dei deltakarane som kjem inn i kantineprosjektet heilt i starten av sitt opplæringsløp. Lærarane vel ut ca. fem ord og omgrep som dei har spesielt fokus på den dagen, som til dømes doble, halvere, servere, skjære og raspe.

Deretter smør deltakarane bagettar og anna bakverk til salsdisken og går i gong med å lage det som står på menyen, både lunsj og dessert. Somme står i kassen, andre serverer, og det er også mykje praktisk arbeid som oppvask, rydding og vasking. I løpet av arbeidsdagen og mellom praktiske gjeremål er deltakarane i eit grupperom og jobbar med oppgåver som er relatert til oppskrifter og arbeidsoppgåver i kantina. På slutten av dagen samlast ein igjen på grupperommet for ei oppsummering av dagen. Då tek ein opp att orda som ein har hatt fokus på den dagen og gjer eventuelt ein felles munnleg undervisningsaktivitet.



I denne delen av rettleiaren vil ein vise døme på korleis ein kan jobbe med mange kompetansemål frå læreplanen i norsk for vaksne innvandrarak ved å flytte mykje av norskopplæringa inn i ei kantine. Målet er å gje andre som ynskjer å kombinere praksis og språkopplæring noko som dei lett kan ta i bruk.

I kantina får deltakarane lære språket i autentiske situasjonar, og i den første delen vil me konkretisere korleis dette kan skje slik at ein kan bli merksam på kor mange kompetansemål deltakar og lærar eigentleg kan jobbe med i ein praksissituasjon. Men for at det skal skje på best mogleg måte, er det viktig at læraren er medviten om at ein jobbar med konkrete kompetansemål.

Ein kan òg legge opp til mange lærarstyrte aktivitetar i kantina for å skape mest mogleg språkleg samhandling, og for å syte for at ein kan knytte dei praktiske oppgåvene i kantina til grunnleggande ferdigheiter i lesing og skrivning og/eller til lese- og skriveførebuande prosessar.

Den første delen ser på det å lære norsk gjennom autentisk språkbruk i kantina, medan den andre delen gjev døme på meir lærarstyrte pedagogiske undervisningsopplegg. I realiteten vil det likevel ofte vere ein kombinasjon av autentiske situasjonar og lærarstyrte aktivitetar.

Å lære gjennom autentisk språkbruk i kantina

Samhandling er eit av kjerneelementa i læreplanen. Læreplanen definerer samhandling som ein kommunikasjonssituasjon der to eller fleire må samarbeide språkleg for å forstå kvarandre og skape felles meining. Det kan skje både munnleg og skriftleg, men i kantina er det mest snakk om munnleg samhandling. Alle partar må vere aktive for at samhandling skal kunne skje, til dømes ved å kome med ny informasjon, be om oppklaring dersom ein ikkje forstår, vise om ein forstår og om ein er einige eller ikkje.

Slike samhandlingssituasjonar ligg til grunn for alt arbeid som skjer i kantina, og mange av situasjonane som krev munnleg samhandling oppstår naturleg fordi ein brukar språket i ein autentisk arbeidssituasjon. Eit eksempel er når ein deltakar kjem for å spørje om kva ho skal gjere med fløyten i Oreo-desserten fordi ho ikkje forstår instruksen i oppskrifta. Dette fører til ein dialog mellom deltakar og lærar som endar opp med ei felles forståing av kva ein skal gjere. Her viser me nokre aktuelle kompetansemål på ulike nivå som er svært aktuelle i slike samarbeidssituasjonar.

A1 munnleg:

Deltakaren skal kunne samarbeide om svært enkle oppgåver ved å komme med forslag, vise om ein forstår eller treng oppklaring, og spørje om andre forstår

A2 munnleg:

Deltakaren skal kunne samarbeide om enkle oppgaver ved å komme med forslag, spørje kva andre meiner, og be om repetisjon eller omformulering.

Når deltakarane samarbeider seg mellom, får dei god trening i å spørje om den andre forstår, kva dei meiner og be om repetisjon eller omformulering dersom dei ikkje forstår. Gjennom det praktiske arbeidet i kantina utviklar ein altså både ferdigheiter i norsk språk og gode strategiar som gjer ein i stand til å samhandle munnleg, både i kantina og i andre situasjonar i dagleglivet.

A2 munnleg:

Deltakaren skal kunne bruke enkle strategiar for å innleie, oppretthalde og avslutte ein kort samtale

Deltakarane må alltid bruke språket under samarbeid inne på kjøkkenet, og dei møter elevar og tilsette ved den vidaregåande skulen i kassen og i kantineområdet slik ein kan sjå døme på her (trykk på bilete).



Elevane på den lokale vidaregåande skulen snakkar dialekt, og dei snakkar fort. Difor må deltakarane lære seg strategiar og språklege ferdigheiter til å kompensere for mangel på ord, slik at kommunikasjonen ikkje bryt saman.

Å lære lyttestategiar for å forstå dialekt

A1 lytte:

Deltakaren skal kunne bruke nokre svært enkle lyttestategiar, som å utleie betydninga av konkrete, daglegdagse ord ut frå ein svært enkel kontekst eller med bakgrunn i likskapar med andre språk deltakaren snakkar

A2 lytte:

Deltakaren skal kunne bruke nokre enkle lyttestrategiar, som å utleie betydninga av konkrete, daglegdagse ord ut frå ein enkel kontekst

A1 lytte:


Deltakaren skal kunne forstå enkelte uttalevariantar og dialektvariantar av nokre av dei aller mest frekvente orda i den lokale dialekten (for eksempel personlege pronomer)

A2 lytte:

Deltakaren skal kunne forstå nokre uttalevariantar og nokre vanlege dialektord og -uttrykk ein

Det å bruke lyttestrategiar og forstå dialekt og daglegdagse uttrykk er sentralt i læreplanen. I kantina møter deltakaren kundar, kollegaar og lærarar som snakkar si dialekt. Oftast er dette den lokale dialekten, men det kan også vere andre dialektar. Dette er autentiske situasjonar der ein er nøydd til å bruke lyttestrategiar for å forstå kvarandre.

Ofte er det stor variasjon mellom lokale dialektar og dei skriftlege målformene som dei møter i læreverka. Frasar som dei lærer i læreverka er ikkje alltid så vanlege i den lokale dialekten, og dette kan skape forvirring. Difor er det nyttig å kunne «notere» nyttige frasar og dialogar på dialekt ved hjelp av lydnotat. Dette er særskilt viktig når deltakarane har lita erfaring med skrift. Me anbefaler difor å spele inn dialogar med lydnotat i appen «BookCreator» slik at dei kan øve på frasar og dialogar på dialekt utan å bli forvirra over at skriftspråk og dialekt ikkje stemmer overeins. Sjå eksempel under.



Typisk situasjon i kassen, der ein kunde snakkar raskt og utydeleg på lokal dialekt.
Kunde: Ka ska dåke laga te lunsj i dag?
Deltakar: Ka sa du? Kan du sei da ein gong te?

Ein bør òg drille på nyttige frasar som ein treng for å signalisere at ein ikkje forstår og treng gjentakning. Ein lærer slike frasar på skulen òg, men i ein praksissituasjon må ein i mykje større ta dei i bruk på grunn av at ein kjem opp i reelle situasjonar der ein ikkje forstår kva kundane seier. Når ein har øvd mykje på dette ved hjelp av iPad og rollespel, vil det ikkje opplevast som så skummelt å stå i kassen. Det å signalisere at ein ikkje forstår, og deretter be om oppklaring, er ein kompetanse som ein treng i både dagleglivet og i ein arbeidssituasjon.

Nyttige frasar som ein bør setje om til den lokale dialekten og øve på:

Eg forstår ikkje.

Hæ?

Kva sa du?

Kan du sei det ein gong til?

Kan du snakke sakte?

Kva meiner du?

Personlege pronomener og spørjeord er ofte svært ulike på dialekt og skriftspråk. Deltakarane får øvd ekstra mykje på spørjeord når dei skal samarbeide om praktiske oppgåver og spørje om oppklaringar og forklaringar. Me observerer at deltakarane i kantina har blitt veldig flinke til å forstå og stille spørsmål på dialekt, og dei er merkbart flinkare til dette enn mange av dei deltakarane som har meir av si undervisning i klasserommet. Dette er ein kompetanse som dei har bruk for i kva som helst situasjon i dagleglivet og i arbeidslivet. Behovet for å lære dialekt oppstår heilt naturleg i praktiske situasjonar i kantina, i kontakt med kundar og lærarar som snakkar dialekt. Dialogane under og denne filmsnutten illustrerer dette (trykk på bilete).



Kunde: Kati e lunsjen klar?

Deltakar: Ka betyr kati?

Lærer: «Når» og peikar på klokka si

Deltakar: Klokka 12.

Lærer: Då kan dåke gå inn på klasserommet.

Deltakar: Eg, eller han?

Lærer: Dåke, da e begge to.

Munnleg samhandling i kantina

B1 munnleg

Deltakaren skal kunne beskrive eit problem, be om råd og forstå eit klart formulert svar.

Det oppstår ofte problem i kantina som må løysast, og det er ein fin moglegheit til å jobbe med kompetansemål for B1 munnleg. Dersom deltakarane ikkje forstår, må dei skildre kva problemet er, ikkje berre at det er eit problem. Deretter må dei be om råd og spørje om oppklaring heilt til dei forstår kva dei skal gjere. Dette kan læraren sjekke ved at deltakaren må gjenta svaret og forklare korleis ein løyser problemet.

A2 munnleg

Deltakaren skal kunne bruke enkle strategiar for å kompensere for manglar i ordforrådet, for eksempel ved hjelp av kroppsspråk eller ord frå andre språk som deltakaren kan

I kantina skjer dette i praktiske situasjonar, noko som gjer at deltakarane kan støtte seg på konteksten for å forstå. I tillegg kan ein bruke kroppsspråk eller ord frå andre språk og hjelpe kvarandre for å løyse situasjonen.

A2 munnleg:

Deltakaren skal kunne beskrive og fortelje om personar, gjenstandar, stader, hendingar og gjeremål på ein enkel måte

B1 munnleg:

Deltakaren skal kunne beskrive relativt detaljert personar, gjenstandar, hendingar og opplevingar

I det daglege arbeidet i kantina kjem ein ofte opp i situasjonar som krev at ein må skildre detaljert personar, ting, hendingar og opplevingar. Filmen under illustrerer dette og viser korleis det å løyse situasjonar i kantina kan krevje eit nokså avansert språk på nivå A2 og B1 (trykk på bilete).



B1 munnleg:

Deltakeren skal kunne formidle vidare relevant informasjon frå for eksempel beskjedar og instruksjonar

Deltakarane må ofte vidareformidle beskjedar og instruksjonar til personar dei jobbar saman med. Dette kan krevje eit ganske avansert språk der ein må bruke leddsetningar, og det er difor ein god moglegheit for å øve på eit munnleg språk på B1-nivå. Dette kompetansemålet, der ein skal vidareformidle noko til andre er eit døme på «mediering», som er eitt av kjerneelementa i læreplanen. Mediering kan vere å omsette eller forklare eit innhald til andre og kan skje innanfor same språk eller på tvers av språk, og det er noko som skjer i kantina kvar dag. Sjølv om ein ynskjer at deltakarane skal snakke mest mogleg norsk i kantina, er det likevel viktig å heile tida vere bevisst på korleis morsmålet kan vere ein viktig ressurs i språklæringa.

Lærarstyrte pedagogiske aktivitetar i kantina

Lærarane har òg lagt til rette for meir organiserte aktivitetar for å skape munnleg samhandling. I oppsummeringa på slutten av dagen har ein brukt nokre av dei munnlege aktivitetar som Toril Kristin Sjø visualiserer i [desse videoane](#). Videoane er frå ein av dei mange kompetansepakkane som ein kan finne på HK-dir sine nettsider. I kantina har ein brukt mest «Smultring», «Linja» og «Raske Robin» og tilpassa dei til arbeidsdagen i kantina. Sjå døme på spørsmål til aktivitetane under.

Smultring:

Kva har du gjort i dag?	Eg har laga...
Kva likte du best?	Eg likte best....
Kva likte du ikkje?	Eg likte ikkje...
Kva var vanskeleg?	Det var vanskeleg å...
Kva må du øve meir på?	Eg må øve meir på...
Kva har du lagd i dag?	Eg har lagd.....
Kan du fortelje korleis du lagar det?	

Linja

Kor mange oppgåver har du hatt i dag? Still dykk på rekke etter kor mange oppgåver de har hatt. Fortel deretter om oppgåvene som du hadde i kantina i dag.

Raske Robin

Ein kan bruke aktiviteten raske Robin til å repetere ord, og det er ein fin aktivitet å bruke på slutten av arbeidsdagen. På slutten av dagen pleier ein å ha ei oppsummering, og då tar ein gjerne opp at dei orda som ein hadde fokus på i starten av arbeidsdagen. Det kan også vere å hugse namn på ingrediensar eller kjøkkenreiskap.

Ein anna aktivitet som ein kan gjere er at lærarane skriv ein matrett, til dømes arabisk brød med Shawarma, på eit A3-ark. Deltakarane må samarbeide om å skrive

ned ingrediensane i denne matretten. Det er viktig at alle deltek og at den som skriv høyrer på alle. Her kan ein dele deltakarane inn i to lag, fordi då blir det ein konkurranse. Kven hugsar flest ingrediensar på norsk?

Å bruke oppskrifter som utgangspunkt for læring

Ein kan knytte svært mange kompetansemål frå læreplanen til det å jobbe med matoppskrifter. Her viser me korleis ein kan jobbe med fleire aktuelle kompetansemål i både munnleg norsk på nivå A1, A2 og B1 i meir lærarstyrte aktivitetar.

A1 munnleg: Deltakaren skal kunne formidle vidare innhaldet i bilete og svært enkel munnleg informasjon

A2 munnleg: Deltakaren skal kunne formidle vidare enkel, konkret informasjon frå for eksempel klare, tydelege beskjedar og instruksjonar

A2 munnleg: Deltakaren skal kunne formidle vidare innhaldet i bilete og enkel munnleg informasjon


B1 munnleg: Deltakaren skal kunne formidle vidare relevant informasjon frå for eksempel beskjedar og instruksjonar

Det er viktig å støtte seg på kunnskap som ein har frå før når ein skal lære nye ting på norsk. Ein kan spørje deltakarane om kva det som ein gjer heiter på morsmålet. Kva heiter det til dømes å kjevle ut, røre og blande på morsmålet? Når ein har gått gjennom oppskriftene, kan ein be deltakarane om å vidareformidle dette til andre. Dette kan ein bevisst øve på, men det oppstår også heilt naturlege situasjonar i kantina der dei må vidareformidle noko til kvarandre.

Cookies med sjokoladebiter




Vi trenger:

225 g	smør	
200 g	sukker	
200 g	Rårørsukker	
2 stk	egg	
400 g	Hvetemel	
½ ts	bakepulver	
1 ts	natron	
1 ts	Salt	
2 ts	Vaniljesukker	
350 g	sjokolade (mørk)	

Slik gjør du det

1

Forvarm ovnen til 190°C.
Pisk romtemperert smør, sukker og rårørsukker hvitt.



2

Ha i ett egg om gangen, og pisk godt mellom hvert egg. Tilsett mel, bakepulver, natron, salt og vaniljesukker og kjør til godt blandet.



3

Grovhakk sjokolade og vend inn. Spar eventuelt noe til pynt på toppen.



4

Sett 1-2 ss deig på et stekebrett dekket med bakepapir. Sørg for at det er godt med rom mellom hver kjeke da de flyter utover, ca. 6 per brett.



5

Stek i ovnen i ca. 12-15 minutter eller til gyldne. Avkjøl litt på platen før de flyttes over på rist.



Ein kan få svært mykje ut av å jobbe med ei oppskrift, men ein må ofte tilpasse oppskriftene slik at dei skal bli lettare å forstå. Oppskrifter frå nettsida [Matstart](#) eignar seg òg godt å bruke fordi dei har eit lett språk og rikeleg med illustrasjonar. Ein kan variere kor mykje ein skal forenkle oppskriftene alt etter kor mykje norskkunnskapar og leseferdigheiter deltakarane har. Fleire av deltakarane har lite erfaring med skrift, og me ser at oppskrifter eignar seg godt til å jobbe med kompetansemål på nivå A1 i lesing, kompetansemål i grunnleggande lesing og kompetansemål i lese- og skriveførebuande prosessar. I tillegg har ein brukt diverse oppslag i kantina som utgangspunkt for å knytte ferdigheiter i grunnleggande lesing opp mot munnlege ferdigheiter. Ein lagar då ei oppgåve med at deltakarane skal lese eit oppslag med lite tekst og gode illustrasjonar, og deretter skal dei vidareformidle denne informasjonen til andre.

Lese- og skriveførebuande prosessar:

Deltakaren skal kunne kjenne til og forstå funksjonen til nokre enkle relevante teksttypar i dagleglivet

Deltakaren skal kunne bruke konteksten som støtte for leseforståing

Deltakaren skal kunne diskutere med andre på eit felles språk forståinga av eit ord eller omgrep frå ein tekst

Grunnleggande lesing:

Deltakaren skal kunne lese og forstå svært enkle setningar og tekstar med støtte i kontekst og der innhaldet er kjent

A1 lese:

Deltakaren skal kunne lese og forstå korte, illustrerte instruksjonar som er svært enkelt formulerte
Deltakaren skal kunne få eit inntrykk av innhald som er formidla i eit enkelt språk i svært enkle autentiske informative tekstar, spesielt dersom det er støtte i illustrasjonar

Når ein skal lese og gå gjennom ei oppskrift, kan ein snakke om bileta før ein les. Det å fortelje om kva ein ser på eit bilete, er noko me ofte gjer i norskopplæringa ettersom det er ei oppgåve på norskprøven A1/A2. Det er òg ein god lesestrategi. Ein kan vise bilete av ein matrett og snakke om kva bildet kan fortelje oss før ein tek fatt på å lese teksten i oppskrifta. Dersom ein til dømes har eit bilete av Shawarma i arabisk brød, kan ein snakke om at brødet er steikt på takke, at agurken skal skjærast i små terningar, at ein skal vaske og kutte salaten og spørje deltakarane om kva dei skal gjere med kjøttet. Det er alltid lurt å knytte det til den kompetansen ein har frå før og bruke morsmål i denne prosessen. Ved hjelp av ipad og appen «Skoleskrift» kan ein jobbe med enda fleire kompetansemål i grunnleggande lesing og skrivning. Når deltakarane arbeider med oppgåver til oppskrifter på grupperommet, skriv dei mykje i denne appen. Deretter brukar dei appen til å lytte til det som dei har skrive medan dei les og kjenner igjen orda på papiret. Dette gjev moglegheit til å sjå samanhengen mellom lyd og bokstavar og lyd og ordbilete.

Å lære uttrykk for tal, tid, mengder og prisar

I ei kantine kan ein jobbe med kvardagsmatematikk på norsk ut i frå ein meningsfull kontekst. Å ha språk knytt til matematiske uttrykk er eit av kjerneelementa i læreplanen. Det eine er å lære norske ord for matematikk, slik som til saman, omtrent og halvere. Ein anna kompetanse er å bruke måleeiningar. Mange deltakarar har svært mykje erfaring frå matlaging, men har gjerne brukt måleeiningar som «ein kopp mjølk» eller «ein neve mjøl», og treng tid på å lære måleeiningar som desiliter, liter, gram og kilo. Kjøkkenet er ein glimrande arena for å lære dette, og denne kompetansen er viktig i ein eventuell seinare ordinær kantinejobb.

A1 munnleg:

Deltakaren skal kunne bruke tal og uttrykk for tid, mengder og prisar i daglegdagse samhandlingssituasjonar

Deltakaren skal kunne formidle vidare svært enkel informasjon om tid og stad



Det er òg viktig å vere klar over og anerkjenne at alle deltakarane har med seg erfaring og kompetanse i «numerasitet» og forståing av tal, til dømes teljing og måling, sjølv om dei ikkje nødvendigvis har lært dette i skulesamanheng. I tillegg kan dei viktige omgrep om mengd på morsmålet sitt. Fleirspråklege

språkhjelparar kan fungere som «brubyggjarar» mellom den kompetansen som dei allereie har på morsmålet sitt og den nye kunnskapen som dei får i norskopplæringa (Eek, 2021). For å lære meir om språkhjelparar si viktige rolle og det å ha ei ressursperspektiv i opplæringa i norsk og samfunnsfag for deltakarar med liten skulebakgrunn, vil me anbefale å sjå førelesninga av Marianna Eek på [denne nettsida](#).

Når ein står i kassen, må ein bruke uttrykk for tid, mengd og prisar i samhandling med kundane. Me tilrår å bruke god tid på å la deltakarane få trene seg på å stå i kassen, til dømes ved hjelp av rollespel. Etter kvart som dei har fått øvd på tal og uttrykk for



prisar, vil dei oppleve meistring og enda meir språklæring når dei kjem i prat med kundar i ein reell kassesituasjon (trykk på bileta over).

Ein kan øve veldig mykje på uttrykk for tid i samband med daglege gjeremål og matlaging. Spørsmåla under viser heilt konkret korleis deltakarane kan jobbe med oppgåver til desse kompetansemåla i kantina. Ein kan jobbe med desse oppgåvene munnleg og/eller skriftleg.

Daglege rutinar i kantina:

Når opnar kantina?
Når er lunsjen klar?
Når stenger kantina?
Når startar me med å gjere reint?
Når er me ferdige i kantina?

I kassen:

Kva kostar ein kopp kaffi?
Kva kostar to koppar kaffi?
Kva kostar ein kopp kaffi og ein sjokolade?
Ho skal i tillegg betale for ein ven som har kjøpt ei brus og eit kakestykke. Kva kostar det til saman?

Når ein jobbar med oppskrifter som skal doblast:

Kor mykje er ein og ein halv desiliter fløyte? Bruk litermål og mål opp. Kor mykje er dobbelt så mykje?
Mål opp 150 gram kveitemjøl. Kor mykje er dobbelt så mykje?
Kor mykje er 0,5 ts salt? Kor mykje er dobbelt så mykje?
Kor lenge skal kaka steike?
Kaka skal steikjast i omnen klokka 12.30. Den skal steike i 30 minutt. Når kaka er ferdig?

Å jobbe med grammatikk

Det finst fleire måtar å jobbe med grammatikk på i kantina. Eit døme er å drille på verbtider med eksempel på oppgåver i kantina. Desse setningane kan ein skrive ned og/eller skrive inn i BookCreator slik at ein kan drille på dei heime. Ein går frå det kjente til det ukjente, og målet er at ein etter kvart skal kunne bruke ulike verbtider i samtale om andre situasjonar. Det å kunne bruke ulike verbtider er viktig dersom ein skal kunne oppnå nivå B1 munnleg. Dessutan er oppskrifter og instruksjonar gode døme på bruk av imperativ i norsk.

Døme på setningar med ulike verbtider

Ali skal knuse Oreo-kjeks. Han knuser Oreo-kjeks no. Han har knust Oreo-kjeks. Han er ferdig.
På måndag laga me falafel. I dag skal me lage lasagne med salat. No vaskar eg hendene.
Etterpå skal eg kutte salat.

Å lære nye ord og uttale

Kantina er ein god arena for å lære ord og omgrep. Det å lære ord er ein omfattande prosess som inneber mellom anna å forstå ordet, å lagre det i minnet og å lære å bruke det i rette situasjonar. For å lære eit nytt ord treng ein repetisjon, og i kantina får ein repetert ord om omgrep gjennom rutinearbeid. Ein deltakar sa at ho lærer norsk på ein heilt anna måte i kantina enn på klasserommet fordi i kantina kan ho ta og kjenne på dei tinga som ho lærer norske ord for, og det hjelper ho til å hugse. I starten av arbeidsdagen har ein ei samling der det blant anna er fokus på fem ord. Det kan vere ord som er knytt til oppgåvene i kantina eller andre ord og omgrep som er nyttige i dagleglivet. Orda vert repeterte og jobba med i økta på slutten av dagen. Appen «BookCreator» er nyttig for å lære ord fordi ein kan legge inn bilete med talenotat og/eller tekst. Då kan ein legge inn ordet i eintal og fleirtal, aleine eller i setningar. Denne metoden er henta frå [ei digital bok](#) som er utarbeida ved Nygård skule som del av ein metodisk rettleiar for bruk av iPad for spor 1-deltakarar i praksis. Det kan anbefalast å lese denne for å få fleire døme på korleis ein kan bruke appen. I tillegg til at deltakarane øver på å forstå og bruke ord munnleg i kantina, får dei oppgåver til orda på papir, og så øver dei seg på å skrive orda på papir eller ved å bruke appen «Skoleskrift». I kantina er lærarane heile tida tett på deltakarane og det er difor lett å rettleie deltakarane på rett uttale.

Ressursar og referansar

Bilete og film: Peter Tubaas, Vestland Media

Britt Rødal Vikhagen (2023) . Språknøkler-podden. [Deltakere med lite skolebakgrunn](#). (Henta: 25.1.2024)

Britt Rødal Vikhagen (2023) . Språknøkler-podden. [Voksnes læring](#). (Henta: 25.1.2024)

Direktoratat for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir.) . Kompetansepakker til læreplaner i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere.

[Kompetansepakke for muntlig norsk](#). (Henta: 25.1.2024)

[Kompetansepakke for grunnleggende lesing og skriving](#). (Henta: 25.1.2024)

Eek, Marianne (2021) . HK-dir. [Et ressursperspektiv i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Videoforelesning i Kompetansepakke for «Grunnopplæring i lesing og skriving»](#). (Henta: 25.1.2024)

Karmoy voksenopplæringsssenter (KVOS) Arbeidsrettet norskopplæring med bruk av digitale verktøy og ressurser (Henta: 25.1.2024)

Kunnskapsdepartementet (2021) . [Læreplan i norsk for voksne innvandrere \(nynorsk\)](#) (Henta: 25.1.2024)

Regine Knibe Ekrehim, Ingrid Feline Hauge, Silje Ragnhildstveit og Arnhild Tolo Aase (2021) . [Metodisk veiledning for bruk av iPad for spor 1-deltakere i praksis](#) (Henta: 25.1.2024)

Film om prosjektet "Me snakkast i kantina" (trykk på bilete)

